



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 23.09.2015
Tid: 14:00 – 16:45

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Harald Rydland	Medlem	KRF
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
John Karsten Raunholm	Skulesjef
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef

Wenche Tislevoll
Ordførar

Agnar Aarskog

Harald Rydland

Bente Fitjar
Møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 69/15	Godkjenning av protokoll	
PS 70/15	Oppstartsvedtak Lar-senter og leiligheter, Fitjarsjøen 38	
PS 71/15	Selskapsoversikt 2014	
PS 72/15	Status kommunereform i Sunnhordland	
PS 73/15	Utvida ramme til kjøp av utleigehus til lege.	
PS 74/15	Finansforvaltningsrapport 2. tertial og budsjettendring 2015	
PS 75/15	Legesenter/Helsesenter status og vidare arbeid pr. sept. 2015	
PS 76/15	Kulturminneplan 2015-2025 for Fitjar kommune	
PS 77/15	Søknad om fritak frå eigedomsskatt	X
PS 78/15	Ymse	
PS 79/15	TV-aksjonen 2015	
PS 80/15	Meldingar	

Sendt på iPad 22.09.15:

- Ekstra sak PS 79/15 – TV-aksjonen 2015
- 3 meldingssaker – Uttale på sommarfullmakt frå Fitjar kommune til Finansdepartementet vedk. eigedomsskatt, Brev frå Bømlo kommune vedk. veterinærordning, hendelsesrapport vedk. epostsystem

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

PS 69/15 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 23.09.2015:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 70/15 Oppstartsvedtak Lar-senter og leiligheter, Fitjarsjøen 38

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Kommunestyre vedtek oppstart av arbeida med Lar-senter og leiligheiter ved Fitjarsjøen 38 i samsvar med saksutgreiing, og innanfor ei ramme på 8.5 mill.

Administrasjonen får fullmakt til å inngå avtale med Engelsen bygg as. om bygging av lar-senter med leiligheiter, samt å forhandle fram oppdatert framdriftsplan for prosjektet.

Behandling i Formannskapet - 23.09.2015:

Ordfører Wenche Tislevoll (H) ba formannskapet vurderer om ho er ugild, då hennar mann er medeigar i Engevik & Tislevoll AS. Ho vart samrøystes erklært ugild og forlet møtet under handsaming av saka. Det var ikkje kalla inn vara.

Rådmann Atle Tornes orienterte om finansiering av prosjektet, med risiko knytt til moms og storleik på tilskot frå Husbanken.

Tilråding: (4 røyster)

Kommunestyre vedtek oppstart av arbeida med Lar-senter og leilegheiter ved Fitjarsjøen 38 i samsvar med saksutgreiing, og innanfor ei ramme på 8.5 mill.

Administrasjonen får fullmakt til å inngå avtale med Engelsen bygg as. om bygging av lar-senter med leilegheiter, samt å forhandle fram oppdatert framdriftsplan for prosjektet.

PS 71/15 Selskapsversikt 2014

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Selskapsversikt 2014 vert teke til vitande.

Behandling i Formannskapet - 23.09.2015:

Tilråding: (Samrøystes)

Selskapsversikt 2014 vert teke til vitande.

PS 72/15 Status kommunereform i Sunnhordland

Framlegg til vedtak/tilråding:

Utvida formannskap tek orienteringa til vitande.

Behandling i Formannskapet - 23.09.2015:

Ordfører Wenche Tislevoll (H) orienterte om status for prosessen, og arbeidet vidare. Formannskapet drøfta saka.

Vedtak: (Samrøystes)

Formannskapet tek orienteringa til vitande. Saka vert å senda til kommunestyret.

PS 73/15 Utvida ramme til kjøp av utleigehus til lege.

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet gjev følgjande tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek utvida ramme til kjøp av utleigehusvære for lege, med kr. 500 000. Ramma for kjøp vert då auka frå ikring kr. 2,5 mill., til kr. 3 mill.

Behandling i Formannskapet - 23.09.2015:

Tilråding: (Samrøystes)

Kommunestyret vedtek utvida ramme til kjøp av utleigehusvære for lege, med kr. 500 000. Ramma for kjøp vert då auka frå ikring kr. 2,5 mill., til kr. 3 mill.

PS 74/15 Finansforvaltningsrapport 2. tertial og budsjettendring 2015

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek å redusere årets låneavdrag med 66.479,- til 8.452.399,-, og auke årets mindreforbruk med 66.479,- til 1.351.222,-.

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

Behandling i Formannskapet - 23.09.2015:

Tilråding: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre vedtek å redusere årets låneavdrag med 66.479,- til 8.452.399,-, og auke årets mindreforbruk med 66.479,- til 1.351.222,-.

Fitjar kommunestyre tek finansforvaltningsrapporten til vitande.

PS 75/15 Legesenter/Helsesenter status og vidare arbeid pr. sept. 2015

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet tar orienteringa til vitande. Administrasjonen arbeider vidare med saka og legg fram ny sak i neste møte.

Saka går som melding til utval for oppvekst og omsorg.

Behandling i Formannskapet - 23.09.2015:

Formannskapet drøfta saka. Ga innspel til administrasjonen om å utgreia eit alternativ der kommunen byggjer nytt lokale.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 76/15 Kulturminneplan 2015-2025 for Fitjar kommune

Framlegg til tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Kulturminneplan 2015-2025 for Fitjar kommune vert vedteken slik den ligg føre.

Behandling i Formannskapet - 23.09.2015:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) og kultur- og informasjonssjef Bente Bjelland orienterte om planen. Formannskapet drøfta nokre av punkta i planen.

Tilråding: (Samrøystes)

Kulturminneplan 2015-2025 for Fitjar kommune vert vedteken slik den ligg føre.

PS 77/15 Søknad om fritak frå eigedomsskatt gnr/bnr 39/3

PS 78/15 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 23.09.2015:

Spørsmål frå ordførar Wenche Tislevoll (H) vedk. flyktnings situasjonen i Fitjar, status no og plan vidare?

Rådmann Atle Tørnes orienterte om at det er planlagt å ta i mot 6-7 personar i okt/nov. Administrasjonen er i dialog med IMDI om tildeling av flyktningar.

Formannskapet viser til sak PS 51/14 i kommunestyret, der saksutgreiing og vedtaket føreset busetjing av familiar i Fitjar.

Innspel frå ordførar Wenche Tislevoll (H) vedk. lese Brett til politikarar for neste periode. Korleis skal ein handtera gamle, evt. kjøpa nye lese Brett til neste kommunestyreperiode? Ass. rådmann Andreas Moe Larsen orienterte om at det ikkje er satt av midlar i budsjettet til kjøp av nye lese Brett. IKT-avdelinga kan reinstallera brukte lese Brett, slik at dei kan brukast av nye medlemmer i kommunestyret.

Orientering frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Det vert avsluttande kommunestyremøte onsdag 30.sept. Møtet startar med fotografering, og det blir middag på Fitjar fjordhotell etter møtet.

PS 79/15 TV-aksjonen 2015

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune løyver kr. 7.000,- til TV-aksjonen 2015. Summen vert å ta av konto 14700 – teneste 1000 – ansvar 1000.

Behandling i Formannskapet - 23.09.2015:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 80/15 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldings sakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 23.09.2015:

Meldt i møtet:

Brev frå Friluftsrådet Vest vedk. båt i Fitjarøyane – formannskapet drøfta saka Kriteriegrunnlag for rammetilskot
Rekneskap 1. halvår – økonomisjef Trond Salmo kommenterte rapporten. Formannskapet ber om at det vert sett fokus på overskridingar i brann- og redningsetaten.
Melding om skatteinngong, januar-august
Uttale til regelverk barnehage – skulesjef John Karsten Raunholm orienterte
Referat mogeleg interkommunalt hamnevesen – rådmann Atle Tornes orienterte
Brev om trafikksikring – rådmannen har sendt epost til vegvesenet vedk. allereie starta prosjekt med gateljøs i Dåfjorden, i tillegg til prosjekta omtala i brevet.

Sendt på iPad 22.09.15:

Uttale på sommarfullmakt frå Fitjar kommune til Finansdepartementet vedk. eigedomsskatt
Brev frå Bømlo kommune vedk. veterinærordninga
Hendelsesrapport vedk. epostsystem frå Ola Sønnerlid – auka investering i 2015

Munnlege orienteringar frå rådmann Atle Tornes:

Status adressering – avtale med Liene Tolka er forlenga ut året, fortset med førehandsvarsling og vedtak om vegnamn - utfordringa er matrikulering. Framleis fleire vegar der namnet ikkje er godkjent av Kartverket.
Eigedomssak - Årskog

Meldingar u.off. – handsama i lukka møte, jfr. kommunelova § 31.4 og § 31.2:

Søknad om ordinært skjønn for 2016
Søknad om ekstraordinært skjønn for 2015
Eigedom i Årskog

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.